



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Terje Natland, 5557 2168

Vår dato
12.05.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2015/7494 421.53
Dykkar referanse

Svein Jarle Haukås

Tilsagn om tilskot - Lindås - Gnr 215 bnr 4 - Grunnevågen skogsbilveg- Svein Jarle Haukås

Viser til Dykkar søknad om tilskot til Grunnevågen skogsveg klasse 4 motteke her den 5.november 2015.

Vedtak: Fylkesmannen gjev med dette tilsegn om inntil kr 225.000,- til Grunnevågen skogsveg

Tilskotet vert gjeve med inntil 60 % av godkjente kostnader.

Veglaget har oppgjeve ein kostnad for vegen på kr. 375.000.- med ein meterpris på kr 1.200.- Dette er innanfor vanleg kostnad i fylket. Veganlegget er sett opp med 100 % skogdel. Fylkesmannen godkjenner ein vegkostnad som omsøkt for dette anlegget som gjev grunnlag for eit tilskotsgrunnlag på kr 375.000.-

Løyving: 60 % av kr 375.000,- = Kr 225.000,-
Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 1.mai 2019

Vi gjer merksam på at:

- Tilskotet vert gjeve med inntil 60 % av godkjente kostnader.
- Veglagsformann er ansvarleg for at innhaldet i løyvingsskrivet blir gjort kjent for deltakarane i veglaget
- Veglagsformann er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapsamandrag.
- Deler av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram
- Siste 10% av løyvinga vert ikkje betalt ut før veganlegget er ferdig godkjent
- Sluttutbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på foreskreven vis.
- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen vert bygd etter dei krav som er sett til den vegklasse det er gjeve løyve og tilskot til.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden til den standard den opphavleg vart bygd i.
- Det vert vist til: ”Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket ” §5 ”Tilskudd til veibygging”.

- Og til: «Retningslinjer for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland» fastsett av fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga gjeldane frå 1. februar 2016.
- Fylkesmannen viser til Skoglova og rundskriv til denne om skogeigar si plikt til å forynge skog etter hogst.

Vilkår:

- Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betala leige.
- Skogareal som vert hogd blir planta til igjen slik at det vert drive eit utholdande skogbruk i området.

Dette vedtaket kan påklagast, sjå forvaltningslova § 27 tredje ledd. Eventuell klage vert å senda FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.

Med helsing

Dirk Kohlmann
Ass. landbruksdirektør

Terje Natland
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ